

Cecilie Berger, John Henrik Staveland-Sæter og
Jostein Bertin Øgård


Utekontakten i Stord kommune

FØRE VAR

Rustrendar i Stord kommune



Vår 2013



Hovudfunn:

- Aukande bruk av dopingmidlar
- Den illegale bruken av Subutex aukar
- Auken i bruk av amfetamin held fram
- Bruk av og tilgang på cannabis er framleis høg

Innhald

Innleiing	3
Kjelder	4
Behandling av data	5
Funn Førre Var vår 2013	6
Rustrendar i Bergen	12
Oppsummering	13
Appendiks	15
Takk til.....	20
Litteratur	20

Innleiing

Kva er Førre Var?

Førre Var er systematisk overvaking av rustrendar i Stord kommune. Systemet er utarbeidd av Stiftelsen Bergensklinikkene (Kompetansesenter rus - region vest Bergen), og er blitt brukt i Stord kommune sidan 2005. Gjennom Førre Var er me i stand til å gje ein rask og påliteleg identifikasjon, overvaking og rapportering av lokale trendar og tendensar når det gjeld rusmiddelbruk. Hovudmålet med denne typen rapportering, er å forkorta tidsspennet frå nye rusmiddelrendar oppstår ute i miljøa, til informasjonen om dette når fagmiljøet i kommunen. På den måten kan ein jobba meir målretta ved å vera betre førebudd i arbeidet med rusrelaterte problem. For å forkorta dette tidsspennet, er det viktig at Førre Var blir gjennomført regelmessig. Utekontakten har sidan 2005/06 utgitt to rapportar i året .

Nokre av rusmidla me rapporterer om blir ikkje eigentleg definert som rusmiddel, men er medisinar som kan misbrukast. Difor er også denne bruken interessant for Førre Var. Funna i denne rapporten er baserte på data frå oktober 2012 til mars 2013. Eventuell auke og nedgang reknar me ut frå perioden før, frå april til september 2012, for å få fram tendensar innan rusmiddelbruken på Stord. Når det gjeld alkohol, har me valt å også samanlikna med sesong, då me veit at årstid spelar inn i bruksmønsteret for alkohol.

Målsetjing

Målsetjinga for Førre Var i Stord kommune er å innhenta pålitelege og oppdaterte data om rusvanar innan ulike miljø. Det me ynskjer å kartleggja er:

- Bruk av nye rusmiddel
- Endringar i bruk av etablerte rusmiddel
- Endring i tilgang på ulike rusmiddel

Fordelar med Førre Var

Det fins mykje kunnskap om den lokale russytuasjonen blant ulike instansar og personar i kommunen. Mykje av denne kunnskapen er ofte "låst", då det ikkje er noko system for å dela denne informasjonen. Ved å samla og systematisera denne informasjonen, og få den inn i eit heilskapeleg bilete, kan ein betre vera førre var. Når ein får fram relevant informasjon på eit tidleg tidspunkt, kan fagfolk gjera evidensbaserte vedtak, og raskare setja i gong meir effektive tiltak.


Framgangsmåte

Det er Utekontakten i Stord kommune som har gjennomført undersøkinga og som står bak denne rapporten. Me har samla inn kvalitative og kvantitative data, dvs. data frå salsstatistikkar, beslagsdata og informasjon frå eit handplukka trendpanel. Opplysningane me har fått, er analysert og kvalitetssikra ved å samanlikna, og gje ulik vektning på ulike kjelder (sjå Appendiks, s.15).

1) Fram til vår 2008 var Førre Var rapportane eit samarbeid mellom SLT og Utekontakten

Kjelder

Fig. 1. Kjeldeoversikt



"Trendpanel" kallar me dei me får informasjon frå innan tre ulike arenaer i Stordsamfunnet; Profesjonelle, Uteliv og Miljø. Med arena miljø meiner me personar i miljø der rus tidleg blir oppdaga og/eller brukt. Uteliv består av personar som jobbar i/driv utestadar, og med god kjennskap til utelivsarenaen. Den profesjonelle arena består av fagfolk som jobbar innan eller i tett kontakt med rusfeltet her på Stord.

Trendpanelet består denne gong av til saman 32 personar. Desse personane har vore plukka ut med tanke på deira "ekspertkunnskap" frå innsida av rusmiljø i kommunen både når det gjeld brukstrendar og tilgang. Informantane som utgjer trendpanelet er anonymiserte i rapporten. Me har nytta både spørjeskjema, fokusgrupper og ein-til-ein-intervju i innhentinga av data frå trendpanelet.

Ei anna viktig kjelde i Føre Var er statistiske data. Dette er data som blir innhenta og rapportert regelmessig. For å kunna bruka denne informasjonen, må data vera tilgjengelege, nøyaktige, relevante og kunna rapportera innan vår

rapporteringstid. Me har i denne rapporten brukt 11 kjelder for statistiske data:

- Tollvesenet - tal på og storleik på beslag
- Politiet - drukkenskapsarrestar og promillekøyning
- Stord kommune – tal på skjenkeløyve og utsalsstader
- Tre lokale apotek – salstal utvalde medikament, sprøyter og kanyljar
- Vinmonopolet - salstal frå Stord
- Alkoholsal frå to serveringsstadar
- Salstal for alkohol frå to daglegvarebutikkar
- Oppslag i pressa, frå nettavisene til Bladet Sunnhordland og Haugesunds Avis.

Behandling av data

Nesten ingen av datakjeldene som blir brukt til rapporten er direkte samanliknbare. Men det er nyttig å plassera dei ved sida av kvarandre for å prøva å sjå mønster, samanhengar og motsetnader. Dei ulike kjeldene er vekta ulikt på bakgrunn av at me meiner nokre kjelder gjev eit meir korrekt bilete på det faktiske livet enn andre. Vinmonopolet og daglegvarebutikkane er til dømes vekta høgt i høve til det å kunna gje indikasjonar på bruksmønster av alkohol (for nærare detaljar sjå Appendiks, s.15).

Dei statistiske data frå både Politiet, Tollvesenet og apoteka inneheld relativt små tal og må difor tolkast med varsemd. Stord er ein forholdsvis liten stad, og tala vil vera små frå desse kjeldene. Få personar vil kunne ha stor innverknad på statistikkane. Om til dømes eit medikament blir skriva ut i større mengder til eit par personar, vil dette kunna gjera store utslag i apotektala. På same måte kan få personar gå igjen i politiet sine tal. Vidare vil talet på politiet og tollvesenet sine beslag variera i høve til bemanning, aktivitet og satsingsområde.

Funn frå media ser me på som mindre pålitelege i høve bruk og tilgang på ulike stoff, og desse er følgeleg lågt vekta. Me trur likevel at desse funna kan vera med å gje ein indikasjon på endringar, og har difor valt å teke dei med.

Sjølv om tala me får frå dei ulike kjeldene kan vera både små og til tider sensitive, ser me det som interessant å bruka alle desse data. Samla kan dei vera med på å gje et bilete av korleis situasjonen er.

Funn Førre Var vår 2013

Aukande bruk av dopingmidlar

I 2012 dokumenterte me gjennom Førre Var aukande bruk av og tilgang på anabole verkestoff. Anabole verkestoff er eit samleomgrep på syntetiske stoff som har muskeloppbyggjande effekt og som blir brukt som prestasjonsfremjande middel. I denne perioden har me i datainnsamlinga spurt etter dopingmidlar generelt. Den aukande tendensen me såg i 2012, held fram også i denne perioden.

Samanlikna med førre periode, då det ikkje var gjort beslag av anabole verkestoff, har det vore auke i mengde beslaglagde dopingmidlar.


Trendpanelet vårt rapporterar i denne perioden om ei sterk auke i bruken av dopingmidlar på Stord. I fylgje kjelder i trendpanelet har det vore meir fokus på doping det siste halve året, og bruk av anabole steroider har vorte meir sosialt akseptert. Det er i hovudsak personar i alderen 19- 40 år som brukar dopingmidlar.

Trendpanelet stadfestar at det har blitt lettare å få tak i anabole steroider. Ein del av omsetninga av anabole steroider skjer, i fylgje ei kjelde i trendpanelet på arbeidsplassar.

Det kostar mellom 1000,- og 1500,- for ein kur, eller ca. 1000,- for 10ml.

Kallenamn som blir brukt på anabole steroider er: bole(r), bola, testo og russarar.

Det har vore få medieoppslag i nettutgåvene til Sunnhordland og Haugesunds avis denne perioden. Avisa Sunnhordland hadde i papirutgåva likevel ein artikkelserie om bruk av doping og anabole steroider, som fekk mykje merksemd. Døme på overskrifter frå denne serien: «Dopar seg for å bli deilige» og «Hamstrar sprøyter til muskeldop.»



Den illegale bruken av Subutex aukar

Subutex er eit syntetisk opioid, som inneheld verkestoffet buprenorfin og blir brukt i legemiddelassistert rehabilitering. I dei siste åra har trendpanelet vårt rapportert om auke i den illegale bruken av Subutex. Denne auken held fram også i denne perioden.

Salstala frå eit av apoteka syner sterk auke, medan det er stabile salstalar frå eit av dei andre apoteka.


Samla sett rapporterer trendpanelet vårt om ei sterk auke i den illegale bruken av Subutex. Frå trendpanelet blir det rapportert om stabil tilgang. Fleire i trendpanelet seier at det har vore vanskelegare å få tak i Subutex i periodar, medan tilgangen har vore svært god andre periodar.

Subutex blir ofte kombinert med andre rusmiddel, som til dømes hasj.

Prisen for 8mg Subutex ligg på mellom 300,- og 400,-

Kallenamn på Subutex er: sub, tex og B8

Det har vore få oppslag om Subutex i media siste periode.



Auken i bruk av amfetamin held fram

Amfetamin og metamfetamin er sentralstimulerande stoff, noko som inneber undertrykt søvnbehov og stimulering av hjarte- og karsystemet (www.fhi.no). Gjennom Førre Var har me rapportert om auke i bruk og tilgang på amfetamin sidan me starta rapporteringa i 2005. Også i denne perioden held auken i bruk av amfetamin fram. Me har valt å ikkje skilje mellom amfetamin og metamfe-

tam i denne rapporten. Enkelte i trendpanelet hevdar også at brukarane i liten grad skil mellom amfetamin og metamfetamin.

Tal frå Tollvesenet syner at det ikkje har vore gjort beslag av amfetamin på Stord i denne perioden. Dette inneber ein reduksjon samanlikna med førre periode.


Samla sett rapporterar trendpanelet om sterk auke i bruk av amfetamin denne perioden, samanlikna med førre periode. Kjelder i trendpanelet hevdar at amfetamin har blitt sosialt akseptert. Det blir også sagt at det har vore meir metamfetamin på Stord det siste halve året, og at dette rusmiddelet har kome tilbake etter at det har vore mindre av det i periodar. Det blir sagt at bruk av metamfetamin medfører fleire skader, då fyrst og fremst sår.

Amfetamin blir kombinert med andre medikament og rusmiddel, som hasj, Rivotril, alkohol og benzodiazepiner.

Prisen for ei dose amfetamin er om lag 200,- For eit gram kostar det mellom 500,- og 600,-

Kallenamn på amfetamin er: speed, makk, pluss, fart, guff, jogg, joggesko, opp, pluss, amf, kvikker. Met og crystal blir brukt som kallenamn på metamfetamin.

Det har vore auke i talet på medieoppslag som omhandlar amfetamin i denne perioden samanlikna med førre periode.



Bruk av og tilgang på cannabis er framleis høg

Cannabis er fellesnamnet på hasj, marihuana og cannabisolje. På nasjonalt nivå er cannabis, og då fyrst og fremst hasj, det mest brukte illegale narkotiske stoffet. Også på Stord er hasj eit av dei mest vanlege rusmidla. Me har gjennom Førre Var-rapporteringa meldt om ein aukande trend når det gjeld bruk av hasj på Stord. Me får også tilbakemeldingar på at hasj er lett tilgjengeleg kvar periode. Også i denne perioden held auken i bruk av og tilgang på cannabis fram.

Tal frå Tollvesenet syner at det ikkje har vore beslag av cannabis i denne perioden, noko som medfører ein reduksjon i tal på beslag og mengde beslaglagt cannabis.


Trendpanelet rapporterar om sterk auke i bruk av cannabis den siste perioden samanlikna med førre periode. Auken blir stadfesta av personar både frå arenaane miljø, profesjonelle og uteliv. Tilgangen på cannabis er framleis også høg.

Hasj blir brukt i kombinasjon med andre medikament og rusmiddel, som amfetamin, Subutex, Rivotril, alkohol og benzodiazepiner.

Prisen for eit gram hasj ligg på 150,-

Kallenamn som blir brukt på cannabis er: blås, g, schal, gall, tjall, blunt, bruning, brunt, krydder, ned, cd, bom, grønt, flis, bøнна og gal.

Det har vore auke i medieoppslag som omhandlar cannabis denne perioden samanlikna med førre periode.



Alkohol

Alkoholsalet og bruk av alkohol svingar som oftast frå sommar- til vintersesong. Me har gjennom Førre Var- rapporteringa sett ein tendens til at det blir selt og konsumert meir alkohol i sommarhalvåret samanlikna med vinterhalvåret. Derfor ser me det som naturleg å samanlikna sesong mot sesong i tillegg til periode mot periode når det gjeld alkohol.

I perioden frå oktober 2012 til mars 2013 har det vore ein nedgang i alkoholbruken på Stord samanlikna med perioden før. Samanliknar me med førre sesong, frå oktober 2011 til mars 2012, ser me samla sett ein auke.

Tal frå Vinmonopolet syner at alkoholsalet har vore stabilt, både i forhold til førre periode og førre sesong. Når det gjeld alkoholsal frå butikk, syner tal frå daglegvarebutikkane at alkoholsalet har vore relativt stabilt samanlikna med førre sesong. Den eine butikken har hatt ein liten nedgang i sal av alkohol-

haldig drikke. Samanlikna med førre vinterhalvår, rapporterer ein av butikkane om stor auke i alkoholsalet, medan det er meir stabilt hos den andre butikken.

Salstal me får frå to utestadar syner at den eine utestaden har hatt nedgang i alkoholsalet samanlikna med perioden før, men sterk auke samanlikna med førre sesong. Tala frå den andre utestaden er stabile samanlikna med førre perioden, men med ein liten nedgang samanlikna med sesongen før.


Tollvesenet har hatt nedgang både i mengde beslaglagt alkohol og i talet på beslag av alkoholholdig vare. Nedgangen gjeld både samanlikna med førre periode og førre sesong.

Eit stort fleirtal av personane i trendpanelet melder om inga eller lita endring når det gjeld bruk av alkohol i denne perioden samanlikna med førre periode. Det blir meldt om stabil bruk av både øl, rusbrus og brennevin. Det er nokre som melder om auke i bruk av vin det siste halve året. Dei i trendpanelet som har kjennskap til bruk og tilgang på heimebrent, melder i hovudsak om reduksjon i bruk den siste perioden samanlikna med førre periode. Kjelder i trendpanelet hevdar at det er mykje smuglervarer, då fyrst og fremst sprit, i omsetnad på Stord.

Alkohol kan, i fylgje trendpanelet bli kombinert med andre rusmiddel. Cannabis, amfetamin, ecstasy, khat og benzodiazepiner blir nemnt brukt i kombinasjon med alkohol.

Det har vore nedgang i talet på medieoppslag som omhandlar alkohol samanlikna med førre periode.

Samanlikna med førre periode har politiet hatt færre arrestantar i drukkenkapsarresten og tilfelle av promillekøyning denne perioden. Tala er likevel høgare enn i vintersesongen i fjor. Det er inga endring i talet på skjenkeløyve og salsløyve for alkohol i kommunen denne perioden.



Andre rusmiddel

For dei fleste andre rusmiddel enn dei me har presentert som hovudfunn er det relativt stabilt med tanke på bruk og tilgang denne perioden samanlikna med førre periode. For enkelte av rusmidla me registrerar er talmaterialet svært lite. Me har derfor valt å ikkje presentere desse i rapporten, sjølv om trendpanelet melder om endring for enkelte av desse. Dette gjeld mellom anna bruk av Rohypnol og Flunipam, der me denne perioden ser ein nedgang. Me ynskjer likevel å presentere nokre rusmiddel som me tidlegare har hatt som hovudfunn.

Heroin

I fylgje trendpanelet har bruken av heroin samla sett vore stabil på Stord i perioden frå oktober 2012 til mars 2013 samanlikna med perioden før. Innan gruppa miljø er det nokre som melder om gradvis auke, medan andre melder om nedgang i bruk.

Tilgangen på heroin går i bølgedalar. Når det har vore vanskeleg å oppdrive Subutex, har det vore meir heroin. I ei kort periode var det meir sterk heroin og mindre Subutex.

Kallenamn som blir brukt på heroin er: smekk, minus, hest, h, såvar og ned

Rivotril

Rivotril er eit legemiddel med verkestoffet klonazepam, som blir brukt til behandling av epilepsi. Rivotril blir brukt illegalt som rusmiddel fordi det mellom anna vil kunne forsterke effekten av opioidar og alkohol.

Salet av Rivotril frå apoteka har vore relativt stabilt. Salstal frå to av apoteka syner inga endring, medan salstal frå eit apotek syner ein gradvis nedgang.

Når det gjeld bruk av Rivotril rapporterar trendpanelet samla sett om sterk auke i denne perioden samanlikna med førre periode. Både frå arenaen miljø og arenaen profesjonelle blir det sagt at Rivotril er eit ettertrakta rusmiddel, og fleire av kjeldene rangerar Rivotril som eit av dei mest brukte rusmidla på Stord.

Den siste perioden har det vore ei auke i tilgangen på Rivotril samanlikna med førre periode, i fylgje trendpanelet. Det er likevel få kjelder som har sagt noko om tilgangen.

Rivotril blir brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som til dømes amfetamin, hasj og alkohol.

Prisen for ein tablett Rivotril ligg på mellom 30,- og 50,- 3 tablettar kostar 100,-

Kallenamn som blir brukt på Rivotril er: rivo, rivara, slitara og kryssara.

Rustrendar i Bergen

Også i denne rapporten vel me å presentera hovudfunna frå den siste Føre Var- rapporten i Bergen, fordi me tenkjer at rustrendar og tendensar i Bergen kan vere med på å forklara tilgang på og bruk av ulike rusmiddel på Stord. Det er Kompetansesenter rus – region vest Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene som gjev ut denne rapporten. Den siste kom ut no i juni 2013.

I perioden frå oktober 2012 til mars 2013 blir det rapportert om nedgang i bruk av og tilgang på heroin i Bergen. Denne tendensen med reduksjon i bruk og tilgang har ein sett det siste halvanna året. Langtidstrenden for heroin viser ein stabil trend frå 2002 til 2006. I perioden frå 2007 til 2010 var det ein aukande tendens for dette rusmiddelet. Dette stabiliserte seg igjen i 2011, og no ser ein altså ein reduksjon.

Når det gjeld alkohol har det vore ein stabil trend sidan hausten 2009 i Bergen. Det blir rapportert om stabil bruk av og tilgang på alkohol både når ein samanliknar med førre periode og når ein samanliknar med tilsvarende periode for eitt år sidan.

På Stord har me rapportert om auka bruk av og tilgang på cannabis. Også i Bergen blir det denne perioden rapportert om auke i tilgang på og bruk av cannabis i perioden frå oktober 2012 til mars 2013 samanlikna med perioden før. Langtidstrenden for cannabis i Bergen syner ei tydeleg auke frå 2002 til 2013. Også når det gjeld syntetiske cannabinoidar har det vore ein stigande tendens det siste året.

Amfetamin har hatt ein aukande trend i Bergen i perioden frå 2002 til 2013. I perioden frå oktober 2012 til mars 2013 blir det framleis rapportert om auke i tilgangen på amfetamin. Det har ikkje vore endring når det gjeld bruken av amfetamin i denne perioden samanlikna med førre periode.



Oppsummering Førø Var vår 2013

Førø Var- rapporten for våren 2013 er den 15. rapporten som Utekontakten gjev ut om rustrendar i Stord kommune. Me kan dermed sjå på trendar for bruk og tilgang på ei rekkje rusmiddel over ei periode på åtte år.

Dei mest tydelege funna i perioden frå oktober 2012 til mars 2013 er auke i bruk av dopingmidlar, Subutex, amfetamin og cannabis. Også i dei to Førø Var-rapportane me gav ut i 2012, melde me om auke i bruk av anabole verkestoff. Det har vore mykje merksemd kring bruken av prestasjonsfremjande middel, også på Stord. Stortinget har nyleg vedteke å forby bruk, besittelse og kjøp av dopingmidlar. Me har fleire gongar meldt om ein aukande tendens når det gjeld bruk av doping. Også tilgangen på dopingmidlar har vore relativt høg, i fylgje trendpanelet vårt. Det blir spanande å sjå om eit forbod mot dopingmidlar vil innebere endringar i bruk og tilgang på Stord allereie frå hausten av.

I kjeldematerialet vårt for denne perioden har me eit tydeleg funn på auke i illegal bruk av Subutex. Subutex er eit syntetisk opioid, som blir brukt i legemiddelasistert rehabilitering. Den aukande tendensen for illegal bruk av Subutex har me sett i fleire år. Når det gjeld tilgangen på Subutex, har det samla sett vore stabilt i denne perioden. Likevel har fleire kjelder i trendpanelet sagt at det periodevis har vore vanskelegare å få tak i Subutex. I desse periodane har det vore meir heroin. Kjelder frå den profesjonelle arena uttrykkjer stor bekymring og skepsis til praksisen med at pasientar reiser til mellom anna Belgia og får Subutex «lovleg» med heim til eige bruk. Det blir sagt at denne medisinen i stor grad dekkjer den illegale marknaden, og at pasientane finansierar eigen bruk på denne måten.

Ved sidan av alkohol blir amfetamin og cannabis nemnt som dei mest brukte rusmidla på Stord. I denne perioden rapporterar me om auke i bruk av begge desse rusmidla. Heilt sidan me byrja overvakinga av rustrendar i Stord kommune i 2005, har me rapportert om auke i bruk av amfetamin. Også når det gjeld cannabis har bruken vore aukande. I denne perioden melder me også om auke i tilgangen på cannabis, og då fyrst og fremst hasj. Tilgangen på hasj er jamt høg på Stord, i fylgje fleire av våre kjelder.

Fyrste gong me registrerte bruk av syntetisk cannabis på Stord var våren 2011. Fleire av kjeldene i trendpanelet melder framleis om kjennskap til bruk av syntetiske cannabinoidar. Sett under eitt er likevel bruken stabil i denne perioden samanlikna med hausten 2012. Enkelte melder likevel om gradvis auke i bruken av syntetiske cannabinoidar, medan andre melder om sterk nedgang.

Fleire kjelder i trendpanelet har i denne perioden meldt om auke i bruk av medikamentet Lyrica. Lyrica tilhøyrrer ei gruppe legemiddel som blir brukt for å behandle epilepsi, nevropatisk smerte og generalisert angstlidning, men blir også brukt illegalt for å framkalle rusverknad. Med tanke på at me har få

kjelder som seier noko om bruk og tilgang på Lyrica, blir det vanskeleg å seie noko om trendar i denne rapporten. Me vil likevel fylgje med på bruken av dette medikamentet i komande rapportar.

Me kartlegg bruk av og tilgang på ei rekkje ulike medikament som blir brukt illegalt for å framkalle rusverknad. Når det gjeld bruken av andre rusmiddel enn dei me har presentert i rapporten, har situasjonen vore relativt stabil i perioden frå oktober 2012 til mars 2013 samanlikna med perioden før.

Me ynskjer å takke alle kjeldene våre som deler av sin kunnskap og kjennskap til rusarenaen, og stiller med informasjon og attendemelding gong etter gong. Utan gode støttespelarar hadde me ikkje hatt moglegheit til å gje ut Føre Var-rapportane med jamne mellomrom.



Appendiks

Skalaforklaring

I tabell 1 har me brukt følgjande skala for å identifisera endringar i løpet av dei siste seks månadane for kvart rusmiddel, og verdien er rutinedata gjeve i tabellane og analysetabellane.

Skala for beslagsdata, salstal apotek og media

- 1 = sterk auke dvs. frå +75% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +25% til +74%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +24% til -12%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom -13 til -37%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå - 38% og nedover

Skala for data om alkoholsal

- 1 = sterk auke dvs. frå +11% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +5% til +10%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +4% til - 4%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom 5% til -10%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå -11% og nedover

Skala for nøkkelinformantar

- 1 = gjennomsnittet ligg frå 2,3 og oppover
- 2 = gjennomsnittet ligg mellom 2,4 og 2,6
- 3 = gjennomsnittet ligg mellom 2,7 og 3,3
- 4 = gjennomsnittet ligg mellom 3,4 og 3,6
- 5 = gjennomsnittet ligg frå 3,7 og nedover

Skala for talmateriale under 5

Når talet er 5 eller mindre blir dette indikert med teiknet * bak oppgjeven tendens.

Når talmaterialet er under 5, blir ikkje sterk/svak brukt (1 eller 5), men berre inga endring eller gradvis auke/nedgang (2*, 3*, 4*).

Dersom talmaterialet går frå 0 til 0, blir dette indikert med teiknet " og ikkje med 3*.

Endrast talmaterialet berre med 1, gjev dette inga endring = 3*.

Endrast talmaterialet med 2, gjer dette anten ei gradvis auke = 2*, eller ein gradvis nedgang = 4*.

Talet **1** visar at det er ei sterk auke, medan talet **2** indikerar at det er ei gradvis auke. Der det ikkje føreligg endring visast dette med talet **3**. Talet **4** visar at det er ein gradvis nedgang, medan **5** markerar at det er ein sterk nedgang.

Teiknet * brukar me der det føreligg eit lite tal eller nummer, til dømes dersom det dreiar seg om små beslag.

Ulike skalaer er brukt for å identifisera endringar for kvart enkelt rusmiddel og gje dei ein verdi i løpet av dei siste seks månadane. Me nyttar ein meir sensitiv skala der talmaterialet er lite. Analysetabellen nedanfor er ikkje vekta.

Tabell 1: Samanfating av statistiske data, informasjon frå trendpanel og media i høve til rustrendar

Rusmiddel	Leivrik Apotek	Apotek 1 Stord	Apotek 1 Heiane	Toll mengde	Toll beslag	Stilleto/Samson	Osvald	Rema Heiane	Rema Bjelland	Vinnmonopolet	Media	Informantar Brukstreud	Informantar tilgang
Alkohol				5	5	3	5	4	3	3	5	3	2*
Cannabis				4*	4*						2	1	2*
Syntetisk cannabis				5	3*						2	3	4*
Heroin											3*	3	3*
Subutex	3	1									3*	1	3
Subuxone	5	1	5									3	2*
Metadon		4	1									3	3*
Dolcontin	1	5	3									3	2*
Vival	3	3	3									2	3*
Valium	4	4	3									2	2*
Sobril	2*	5	3									2	2*
Rivotril	4	3	3								4*	1	2*
Rohypnol/Flunipam	4*											5	2*
Xanor	3	5									3*	3	2*
Temgesic	1	2*	5									3	3*
Amfetamin/Met.A				4*	3*						2*	1	2*
Kokain												4*	3*
Ecstasy												3	2*
Dopingmidlar				2*	3*						3*	1	2*
GHB											3*	3	2*
Andre medikament	(lyrica)											2*	
Vekting	x3	x3	x3	x2	x2	x2	x2	x3	x2	x4	x1	x4	x4
Sesong						4	1	3	1	3			

1 = sterk auke

2 = gradvis auke

3 = inga endring

4 = gradvis nedgang

5 = sterk nedgang

* = visar at det er snakk om svært små tal

Vekting av kjeldene

Informasjonskjeldene blir kategorisert og vekta avhengig av kor pålitelege dei er i høve til å indikera rusbruk og tilgang.

Størst vekt (gonger fire) er gjeve alkoholsal frå Vinmonopolet og informasjon frå nøkkelinformantar. Desse data gjev relativt gode indikasjonar på faktisk bruk og tilgang.

Nest størst vekt (gonger tre) er gjeve salsdata frå apoteka og Rema 1000.

Medium vekt (gonger to) er gjeve Tollvesenet sine beslagsdata og alkoholsal frå utestadane.

Minst vekt (gonger ein) er gjeve media og låge førekomstar av funn, uavhengig av kjeldeopphav (dette gjeld dei som er markert med stjerne i tabellen).

Endringane me gjengir, er førre periode (april - september 2012) samanlikna med den siste perioden (oktober 2012 – mars 2013).

Analysetablellane inneheld verdiar på ein skala frå 1 til 5, og tala angir ulike tendensar for kvart rusmiddel i løpet av de siste seks månadane.

Samandrag av trendverdiar – ikkje vekta og vekta for spesifikke rusmiddel

For å identifisera forskjellige mønster blant dei forskjellige rusmiddel, samanfatar tabellen nedanfor verdiane når dei ikkje er vekta og etter at dei er vekta.

Tabell 2: Samandrag av verdiar

Rusmiddel	IKKJE VEKTA					VEKTA					SUM		DIFFERANSE
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	+	-	
Alkohol		1	4	1	4		1	13	3	7	1	17	-16
Cannabis	1	2		2		4	2		2		10	2	8
Syntetisk cannabis		1	2	1	1		1	5	1	2	1	5	-4
Heroin			3					6			0	0	0
Subutex	2		3			7		8			14		14
Subuxone	1	1	1		2	3	1	4		6	7	12	-5
Metadon	1		2	1		3		5	3		6	3	3
Dolcontin	1	1	2		1	3	1	7		3	7	6	1
Stesolid			5					14			0	0	0
Vival		1	4				4	10			4	0	4
Valium		2	1	2			5	3	6		5	6	-1
Sobril		3	1		1		6	3		3	6	6	0
Rivotril	1	1	2	2		4	1	6	4		9	4	5
Rohypnol/Flunipam		1		1	1		1		1	4	1	9	-8
Xanor		1	3		1		1	8		3	1	6	-5
Temgesic	1	1	2		1	3	1	5		3	7	6	1
Amfetamin/Met. A	1	2	1	1		4	2	1	1		10	1	9
Kokain			1	1				1	1		0	1	-1
Ecstasy		1	1				1	4			1	1	1
Dopingmidlar	1	2	2			4	2	2			10	0	10
GHB		1	2				1	5			1	0	1
Andre Medikament(lyrica)		1					1				1	0	1
Alkohol Sesong	2		2	1		5		7	2		10	2	8

Utrekning av differanse

Differansen for kvart rusmiddel baserar me på ei summering av positive og negative verdiar. Me ser altså på 1'arane og 2'arane, som indikerar ei auke (positive verdiar), i høve til 4'arane og 5'arane, som indikerar ein nedgang (negative verdiar).

Takk til.....

- Alle i trendpanelet
- Bergensklinikkene
- Vitusapotek Leirvik, ved Hege Kvalnes
- Apotek 1, ved Steinar Vik
- Apotek 1 Heiane, ved Einar Fjelldal
- Rema 1000 Heiane, ved John Ståle Eldøy
- Rema 1000 Bjelland, ved Eivind Birkeland
- Vinmonopolet, ved Jens Nordahl
- Politiet på Stord
- Tilsette diverse einingar i Stord kommune og NAV
- Tollvesenet
- Utestadane Stiletto/Samson, Frugård, Osvald
- Prosjektkopi Vest / Vektor Prosjekt

Litteratur

Berger, Staveland-Sæter og Øgård (02/2012):

Føre Var: Kartlegging av rustrendar i Stord kommune

Flesland, L. og Knoff, R.V. (2013):

Føre Var rapport 01/13, Stiftelsen Bergensklinikkene

Mounteney, J. og Leirvåg, S-E. (2007).

Føre Var: Kartlegging av rustrender, Manual. Stiftelsen Bergensklinikkene

www.fhi.no

www.felleskatalogen.no

Kopi av rapporten kan ein få ved å venda seg til

Utekontakten, Stord kommune, tlf. 53 49 66 44

Utekontakten@stord.kommune.no

Nokre fakta

Subutex:

(frå fhi.no og felleskatalogen.no)

Subutex er eit syntetisk opioid, som inneheld verkestoffet buprenorfin. Buprenorfin er eit morfinliknande stoff. Stoffet blir i hovudsak brukt i behandling av heroinavhengigheit på liknande måte som metadon i legemiddelasistert rehabilitering, men kan også brukast til behandling av sterke smerter.

Subutex skal berre brukast til substitusjonsbehandling ved opiatavhengigheit, i samanheng med medisinsk, psykologisk og sosial behandling. Buprenorfin bind seg til opiatreseptorane i hjernen og gir ein langvarig verknad ved at det blokkerar for verknaden av mellom anna morfin og heroin. I behandling av avhengigheit blir buprenorfin innteke i form av tablettar som blir lagt under tunga. Subutex blir vanlegvis gitt som tablettar på 2mg og 8mg.

Buprenorfin er som alle opioidar sterkt vanedannande. Buprenorfin kan misbrukast ved at tablettane blir oppløyse i vatn og injiserast. Konsentrasjonen i blodet blir då høgare enn ved inntak av tablettar gjennom munnen.

Buprenorfin blir sett på som mindre farleg ved overdosering enn andre opioidar, sjølv om det også er rapportert overdosar med dette stoffet. Dødeleg overdose med buprenorfin åleine er sjeldan, men om medikamentet blir injisert saman med benzodiazepiner, er faren for dødeleg forgifting høgare.



Utekontakten, Stord kommune
tlf. 53 49 66 44
utekontakten@stord.kommune.no